

Oppdragsgjevar: **Sæle Sag AS**

Oppdragsnr.: **5207551** Dokumentnr.: **001**

**Til:** Sogndal kommune v/Plan og samfunn

**Frå:** Sæle Sag AS

**Dato** 2021-12-17

## ► **Innspelet til KPA for utviding av næringsområde for Sæle Sag AS**

På vegne av tiltakshavar Sæle Sag AS leverer Norconsult AS innspel til revisjon av KPA for Sogndal kommune. Produktet som verksemda leverer har stor og vaksande etterspurnad i marknaden og det er difor eit akutt behov for å utvide næringsarealet for å kunne auke produksjonen. Vi ønskjer at det i kommuneplanen vert opna for at næringsarealet kan utvidast vestover, men utan at dette kjem i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne og naturtype, som vil grense til området. Sæle Sag AS er i dag ein stor arbeidsgjevar i Balestrand og har ståande ordrar som vil doble både omsetning og tal tilsette, dersom ein får til utviding av produksjonen. Verksemda kan også syne til å vere ein stor bidragsytar til det grønne skiftet. Dette bør vektleggjast høgt i vurderinga av dette innspelet.

Dei nye planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona seier direkte at trong for næringsutvikling og arbeidsplassar, skal tilleggast vekt i vurdering av tiltak i 100-metersbeltet. Sidan tiltaket kjem tett på automatisk freda kulturminne og naturtype vil ein truleg måtte vekte dette omsynet opp mot nærings- og samfunnsinteressene.

### **Verksemda – Sæle Sag AS**

Sæle Sag vart starta som enkeltmannsføretak i 1961 og etablert som AS i 1991. I 2018 var det den 3. største bedrifta i Balestrand med 39 millionar kr per år i omsetnad. Nesseplast høyrer no til Høyanger kommune og Sæle Sag er slik den nest største i «gamle Balestrand». Bedrifta har i dag 15 tilsette, i tillegg til ytterlegare 15 medarbeidarar i støttefunksjonar. Omsetnaden er i dag på ca. 42 millionar kr per år.

Bedrifta står i dag i eit skjeringspunkt mellom å satse vidare i ein tøff marknad, eller å vurdere nedtrapping og avslutning av drifta. Eigjar ønskjer å satse vidare, og har satt seg mål om å doble produksjonen med mål om ein omsetnad på 80 – 100 millionar kr per år. Dette vil også krevje ei dobling i tal tilsette, både på sjølve sagbruket og for støttefunksjonar. I uttale frå Sogn næring (vedlagd) vert også synt til kva positive ringverknadar ei utviding vil ha for andre næringar og potensielt nye knoppskytingar innan fleire tilhøyrande bransjar.

Utvidinga vil også gjere til at alt tømmer som vert avverka i Sogn kan nyttast lokalt, det er slik eit vesentleg miljøperspektiv knytt til dette. Vidare er det nasjonalt tverrpolitisk semje om at treforedlings- og tømmerindustrien er ein av dei store bidragsytarane til det grønne skiftet i Noreg.

### **Alternativvurdering**


Det er vurdert fleire arealalternativ for utviding av industriområdet, og ein har kome fram til at det einaste tenlege alternativet er å få utvida området mot vest. I den samanheng vart det starta opp eit planarbeid i 2017. Det aktuelle arealet i vest er avsett til LNF-føremål i arealdel til kommuneplanen. Som del av offentleg høyring og ettersyn vart det varsla motsegn til planarbeidet knytt til kulturminne og naturtype innanfor og ved det aktuelle området i vest. Planarbeidet har difor stoppa opp, og eigjar har gjort nye vurderingar for alternativt areal, men arealet mot vest står framleis att som vesentleg for vidare drift.

Eigjar ønskjer å avgrense utvidingsarealet mot vest, for ikkje å kome i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne.

Oppdragsgiver: Sæle Sag AS  
Oppdragsnr.: 5207551 Dokumentnr. 001

### Konkret framlegg

Framlegg til planavgrensing går fram av figur 1.



Figur 1 Framlegg til planavgrensing

Verksemda nyttar i dag eit areal på tilnærma 12 daa til produksjon og lagring, i tråd med arealdel til kommuneplanen for Balestrand kommune. Oppføring av utvida produksjonslokale og lagerareal føreset eit minsteareal på 7 daa. I noverande arealdelen til kommuneplanen for Balestrand kommune er det sett av industriareal nord og aust for dagens industritomt.

Arealet mot nord og aust er i avslutta reguleringsplanarbeid avklart å ikkje vere i konflikt med registrerte kulturminne i området.

Arealet mot vest kjem i direkte konflikt med to rydningsrøyser, og ligg nærme ei fantehole like ovanfor elva. Desse er ikkje automatisk freda kulturminne. Arealet kjem vidare indirekte i konflikt med to automatisk freda gravminne som ligg orientert nord-sør med utsyn til fjorden. Desse er ikkje synlege på avstand. I strandlinja har Statsforvaltaren peika på eit ikkje-registrert eller verdsett litoralbasseng ved fjorden.


Jamfør figur 2 er arealet mot vest føresett nytta til utandørs lagring, snuareal, lasting og lossing for vogntog. Det vil ikkje verte ført opp bygningar her. Opparbeiding av området i vest føreset at ein kryssar elva med bru og opparbeider ein kort vegtrasé fram til arealet. Sjølve tiltaket vil kome i direkte konflikt med røys 1 og 2, jf. figur 2. I seinare reguleringsplan og plankonseptet er det ein føresetnad at ein skal nytte m.a. landskapsarkitekt og dialog med overordna mynder, for å tilpasse tiltaket best mogeleg med omsyn til kulturminne, naturtype og landskapet i sin heilskap.

Arealet mot nord er føresett nytta til utviding av produksjonslokale og å løyse krav til innandørs lagring. Arealet mot aust føreset utfylling i sjø og er tiltenkt avsett til framtidig knoppskyting og sekundærnæringar tilknytt sagbruket. Til dømes er det aktuelt å nytte avfall frå produksjonen til å lage pellets.

Oppdragsgiver: Sæle Sag AS  
 Oppdragsnr.: 5207551 Dokumentnr. 001



Figur 2 Dagens produksjonsareal markert med blå skravur. Naudsynt areal for utviding markert med gul skravur.



Figur 3 Kjende kulturminne i og kring planområdet ved Sæle Sag

Oppdragsgiver: Sæle Sag AS  
Oppdragsnr.: 5207551 Dokumentnr. 001

## **Måloppnåing**

I samfunnsdelen til kommuneplanen set Sogndal kommune seg som mål å vere eit utviklingslokomotiv i Sogn, irekna næringslivet. Dette innspelet byggjer opp under målsettinga.

Den 30.10.2020 hadde Sæle Sag AS ein presentasjon (vedlagd) av verksemda med føresetnadar og framtidsutsiktene i marknaden. Norconsult AS presenterte alternativvurderingane og peika på dei ulike utfordringane ved alternativa. Deltakarane var planadministrasjonen inkludert kommunalsjef, kommunal næringsssjef, utvalsleiar for Plan og forvaltingsutvalet, samt Sogn Næring. Oppsummeringa frå møtet var at alle deltakarane var positive og ønska vidareutvikling av Sæle Sag AS, men at ein naturlegvis ikkje kan forskottere resultatet av planprosessen. Næringsssjef og Sogn Næring vil også bidra med dei verktøya dei har til rådvelde for å synleggjere viktigeita og dei positive effektane ved å få til denne utviklinga.

Utviklinga av Sæle Sag AS vil også vere i samsvar med dei tilrådingar og målsetnadar som er fastsett i dei mest sentrale næringsdokumenta for den nye kommunen og regionen:

### Næringsutvikling i nye Sogndal kommune, 2017

[Forfatter: Sogn Næring AS](#)

Rapporten tilrår m.a. at:

- Nye Sogndal kommune bør ha ei høgt kompetent og ressurssterk planavdeling innan den kommunale strukturen som kjenner næringslivet sine behov godt og har fokus på tilrettelegging
- Organisasjonen må vere ei drivkraft for utviklingsarbeidet i Sogn.

### Næringsvennleg region – Balestrand, Leikanger, Lærdal, Sogndal og Vik, 2018

[Forfatter: Innovasjon Noreg/PwC](#)

Næringsvennleg region skal legge til rette for at dei offentlege tenestene innan næringsutvikling bidreg til å skape vekst, betre lønnsemd og fleire arbeidsplassar i næringslivet i ein region.

Balestrand var kommunen med størst prosentvis folketalsnedgang før samanslåinga

Verdiskapingsplanen til fylket 2014-2025 har teke målet om folketalsutvikling vidare til ein ambisjon om netto årleg arbeidsplassvekst på 100, eller 500 nye arbeidsplassar kvart år. Hovudstrategien er:

- Nyskaping basert på naturgjevne fortrinna i Sogn og Fjordane
- Å vere attraktive for folk som vil skape arbeidsplassar
- Å legge til rette for kompetanseutvikling, basert på både tradisjonar, handlag, yrkesfag og akademisk kunnskap

Fylkeskommunen skal nå målsettinga gjennom:

**Nyskaping:** Det offentlege skal utvikle evna si som god hjelpar.

**Kunnskap:** Ei bransjenøytrale satsing som også inkluderer offentleg produksjon.

**Bransjesatsingane:** Utviklingsarbeid knytt til naturgjevne føremoner.

## Kommunale næringsplanar:

### **Satsingar som er felles på tvers av kommunar:**



Som del av rapportarbeidet sa dåverande nærings sjef i Balestrand kommune, no i tilsvarande stilling i Sogndal kommune, følgjande:

«Vi kan utløyse større verdiar ved å samhandle i næringsapparatet vårt. Står ein åleine som generalist, har ein ikkje ein sjanse til å lukkast».

Representantar frå politikken sa mellom anna:

«Det er viktig med felles forståing for utfordringane mellom dei ulike målgruppene. Kommunen må jobbe proaktivt, og avklare med næringslivet korleis dei kan legge til rette i planarbeidet.

Samhandling med næringslivet bør vere kjenneteikna av fokus på løysing, velvilje, tillit og openheit. Byråkrati og formalitetar må forenklast der det er mogeleg»

Ein av 3 konklusjonar frå arbeidet med næringsvenleg region er: Næringslivet ønskjer eit næringsapparat som jobbar heilskapleg og strategisk for utvikling av Sogn som bu- og arbeidsregion.

### **Plangrunnlaget**

Det aktuelle arealet for utviding av industriområde er delvis avklart i noverande arealdel til kommuneplanen for gamle Balestrand kommune. Tidlegare reguleringsplanarbeid har identifisert at områda mot nord og aust ikkje kjem i konflikt med kjende kulturminne- og naturtypeverdiar.

Området mot vest er ikkje avklart i den noverande arealdelen. Tidlegare reguleringsplanarbeid har identifisert at dette området potensielt kan kome i konflikt med kulturminne- og naturtypeverdiar.

Oppdragsgiver: Sæle Sag AS  
Oppdragsnr.: 5207551 Dokumentnr. 001

## **Kommuneplanprosess**

Med bakgrunn i den dialogen som er etablert med både eining for Plan og samfunn, kommunalsjef og næringssjef ser vi fram til eit godt samarbeid og drøftingar vidare i kommuneplanprosessen. Vi ønskjer gjerne felles møter og drøftingar saman med eining for Plan og samfunn, samfunnsplanleggar og tenesteleiar for samfunns- og næringsutvikling.

J02	2021-12-17	For bruk	CorErs		
B01	2021-12-17	For kommentar frå oppdragsgjevar	CorErs	JoHM	CorErs
<b>Versjon</b>	<b>Dato</b>	<b>Omtale</b>	<b>Utarbeidd</b>	<b>Fagkontrollert</b>	<b>Godkjent</b>

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.